



Statens vegvesen
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Dato: 05.07.2017
Vår ref.: 2017/2573-9
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/14729-18

Att. Ståle Furnes

Tilbakemelding etter arkeologisk registrering i samband med detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Meland kommune

Vi viser til varsel om oppstart av detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy i Meland kommune datert 10.05.2016, og vårt brev datert 13.03.2017 med varsel om arkeologisk registrering. Kostnadsoverslaget vart godkjend av tiltakshavar 27.04.2017.

Den 18.05.2017 vart det gjennomført ei mindre arkeologisk undersøking av lokalitet med id. 108006 for å avklare status til denne. Basert på resultat av den arkeologiske registreringa vart vernestatusen til lokaliteten endra frå automatisk freda til ikkje freda. Rapport frå den arkeologiske registreringa og faktura for arbeidet vert ettersendt.

Hordaland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.